

MEKLING
FOR
FORELDRE



MEKLING FOR FORELDRE



MEKLING
FOR
FORELDRE



BARNE-, LIKESTILLINGS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

KVIFOR MEKLING?

PARFORHOLDET TEK SLUTT, MEN FORELDRE- SKAPET SKAL HALDE FRAM

Denne brosjyren skal vere ei hjelp til deg som far eller mor når du no står overfor nokre vanskelege val som også gjeld borna dine.

Det følgjer ofte både vonbrot og sinne med ein separasjon eller eit samlivsbrot, både for dei vaksne og borna. Det er viktig for borna at dei vaksne gjer sitt beste for at separasjonen og tida etterpå ikkje skal bli vanskelegare enn naudsynt. Borna har de saman sjølv om parforholdet tek slutt. Det er viktig at de får til eit samarbeid om å vere foreldre.

KVA SEIER LOVA OM MEKLING?

I ekteskapslova er det avgjort at ektefellar med born under 16 år skal møte til mekling før sak om separasjon eller skilsmål kan handsamast. Også sambuarar med barn under 16 år må møte til mekling ved samlivsbrot. Dette følgjer av barnelova. For å få rett til utvida barnetrygd (barnetrygd for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet) etter brot mellom sambuarar, må du leggje fram meklingsattest.

Barnelova seier vidare at det skal meklast før sak om foreldreansvar, kvar barnet skal bu fast eller samværsrett kan bringast inn for domstolen. Føremålet med meklinga er at foreldra skal kome fram til ein avtale om foreldreansvar, samværsrett og om kvar borna skal bu fast. Avtalen bør vere skriftleg, og skal ta omsyn til kva som er best *for borna*. Meklaren skal hjelpe foreldra med å lage ein slik avtale.

FORELDRA BESTEMMER OVER AVTALEN

Men sjølv om de får hjelp av meklar til å diskutere problem og lage ein avtale, er det *de foreldre* som avgjer korleis de skal ordne det for borna dykkar. Det er *de* som veit kva for løysingar som vil fungere, og det er *de* som har ansvaret for den avtalen de inngår.

SPØRSMÅL DU BØR STILLE DEG SJØLV

Derfor er det fornuftig at de tenkjer gjennom kva slags ordning de ønskjer, alt *før* de møter til fyrste samtale hjå meklar. Nedanfor har vi lista opp ein del spørsmål som de – saman eller kvar for dykk – bør prøve å svare på.

KVA BØR DE TENKJE GJENNOM FØR DE MØTER TIL MEKLING?

Korleis skal de fortelje barnet om separasjonen? Er barnet så stort at det bør få seie si meining om kvar det skal bu? Korleis spør de barnet om dette? Når barnet har fylt 7 år, har det etter barnelova rett til å uttale seg om kven av foreldra det ønskjer å bu hjå. Hugs at barn ikkje skal pressast til å velje mellom foreldra sine.

SAMTALE MED BARNET

KVAR SKAL BARNET BU FAST?

Kvar skal barnet bu fast? Kva meiner de vil vere det beste for barnet? Korleis vil den daglege økonomien bli dersom barnet bur hjå mor / barnet bur hjå far, eller om de avtalar at barnet skal bu hjå begge (delt bustad).

NAV lokalt kan gje opplysningar om barne-bidrag og stønadsordningar.

FORELDREANSVAR

Foreldreansvar inneber rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege forhold (bl.a. ved val av religion, namneval, verjemål). Foreldreansvaret skal utøvast ut frå interessene og behova til barnet. Foreldre som er gifte har foreldreansvaret saman. Dei fleste held fram å ha dette saman etter separasjonen. Ønskjer de også ei slik ordning, eller skal den som barnet bur hjå, ha foreldreansvaret åleine?

Det er nye reglar om foreldreansvar for sambuande foreldre som gjeld born fødte etter 1. januar 2006. Foreldre som bur saman når farskapet blir etablert, får felles foreldreansvar for felles born. Som sambuarar reknar vi foreldre som er registrerte på felles adresse, eller som har sendt ei erklæring om sambuarskap til folkeregistermyndet. Foreldre kan også sende sambuareklæring til folkeregistermyndet og få felles foreldreansvar for born som er fødte før 1.1.2006.

SAMVÆRSORDNING

Når foreldra ikkje bur saman, har mor foreldreansvaret åleine, om ikkje foreldra har meldt frå til folkeregistermyndet at dei skal ha foreldreansvaret saman, eller at far skal ha det åleine.

Samvær med begge foreldre er ein rett for *barnet*. Foreldra har stor fridom til å forme ut ein avtale som passar for akkurat *deira* familie. Ein avtale bør innehalde noko om:

- samvær på vekedagar og i helgane
- feriar
- andre fridagar
- fødselsdagar og andre merkedagar
- kven skal hente og bringe barnet?
- korleis skal samværsretten vere dersom ein av foreldra flyttar til ein annan del av landet?
- kven skal betale reiseutgifter i samband med samvær?

SAMVÆR MED ANDRE

Korleis skal barnet halde ved lag kontakten med besteforeldre, annan slekt og vener av familien?

NYE PARTNARAR

Dersom ein av foreldra får ein ny partnar – kva rolle skal partnaren ha i forhold til barnet?

SAMARBEIDSMÅTAR

Bør de avtale faste møte for å snakke om barnet, endringar i samværsordninga ol.?

DETTE BØR DU VITE

KVEN ER MEKLARAR?

Alle familievern- og familierådgevingskontor driv mekling. Men også andre kan oppnemnst som meklarar om det er trong for det. Derfor kan t.d. prestar, advokatar, tilsette på sosialkontoret eller andre med helse- og sosialfagleg utdanning vere godkjende meklarar. Alle meklarar skal ha kunnskap om problem som kan oppstå i samband med skilsmålet, korleis born reagerer på separasjon og om juridiske forhold kring separasjon og skilsmål.

Du kan vende deg til Barne-, ungdoms- og familieetaten eller familievernet for å få vite kvar næraste meklar finst.

MEKLINGSATTEST

De må mekle i ein time. Etter denne timen skriv meklaren ut ein *meklingsattest*. Denne legg du ved søknaden om separasjon saman med dei andre dokumenta som er kravde. Attesten må også sendast NAV lokalt når du søker om utvida barnetrygd etter samlivsbrot.

Meklingsattest er også naudsynt før sak om foreldreansvar, samværsrett eller kvar barnet skal bu fast kan bringast inn for domstolen.

Alle får tilbud om mekling i inntil tre timar til. Dersom de etter fire timar ikkje har kome fram til ein avtale, kan meklar tilby tre timar mekling til dersom han meiner de kan bli samde.

De kan føre avtale om foreldreansvar, bustad og samvær inn for fylkesmannen og be om at det blir gjort eit tilsvarende vedtak. Fylkesmannen kan stadfeste avtalen slik at han kan gjennomføre ved tvang dersom ein av dykk seinare ønskjer det.

Det er ikkje naudsynt å møte til mekling når det er kravd skilsmåål pga. overgrep. Det same gjeld dersom ekteskapet blir oppløyst fordi det er inngått mellom nære slektningar, pga. bigami eller når verja reiser oppløysingssak.

Avtalen foreldre kjem fram til er *deira* eigedom og ansvar. Ein meklar kan ikkje overprøve eller underkjenne ein avtale som de har kome fram til, og er heller ikkje ansvarleg for innhaldet i avtalen eller følgjene av han.

Meklaren har teieplikt om det han får kjennskap til under meklinga. Dersom meklaren får mistanke om grov omsorgsvikt eller barnemishandling, har han likevel opplysningsplikt til barnevernet. Dette følgjer av ekteskapslova § 26 og § 26 A.

Brosjyren er gjeven ut av
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Publikasjonskode: Q-0795 N
Elektronisk versjon fra www.regjeringen.no
2/2010